

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest
DATO: 06.12.2017
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye
SAKA GJELD: **AD orientering punkt 7**
STYRESAK: **052/17**
STYREMØTE: **13.12.2017**

Eindose i Helse Vest – status i arbeidet

Styret i SAV har gjort prinsippvedtak for arbeidet med eindose (sak 047/17). Som oppfølging av vedtaket har AD gjeve eit mandat til ei arbeidsgruppe til å utarbeide kost / nytte analyse i samsvar med styret sitt ynskje. Arbeidet skal bygge på utgreiingar som er gjort ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus (HDS) og ved Stavanger universitetssjukehus (SUS), samt arbeid som pågår med planlegging ved Førde sentralsjukehus (FSS). Dette notatet er ei løypemelding på arbeidet.

Mål og leveransar i mandatet til arbeidsgruppa

Kost/nytte analysen skal greie ut kostnader og nytte ved ulike løysingar for kjøp og/eller produksjon av ikkje-pasientbundne eindosar i Helse Vest.

Arbeidet skal avgrensast til leveransar av eindose til dei største sjukehusa og vise effektar for kvart sjukehus og Helse Vest samla.

Arbeidet skal vurdere alternativ lokalisering, tekniske løysingar og investeringsomfang av produksjon der ein tek omsyn til lokale forhold og effektar av samarbeid.

Arbeidsgruppe

Rolle	Navn	Tilhørighet	Rollebeskrivelse (ansvar, oppgaver etc.)
Bestillar	Jon Bolstad	Sjukehusapoteka Vest	Godkjenne mandat og sluttrapport
Leiar (koordinering) av arbeidsgruppe	Ola Rye	Sjukehusapoteka Vest	Utarbeide møteplan Ansvar for utarbeiding av anbefaling
Deltakar arbeidsgruppe	Tonje Folkvang	Sjukehusapoteka Vest	Fagressurs (informasjon/kartlegging)
Deltakar arbeidsgruppe	Eva Cathrine Backer	Helse Vest IKT	Fagressurs (informasjon/kartlegging)

Arbeidsgruppa knyt til seg andre ressursar etter behov.

Status på arbeidet

Basert på det ein allereie veit om eindoseproduksjon og aktuelle alternativ legg ein til grunn to arbeidshypotesar (som samstundes avgrensar arbeidet);

1. Legemiddel som er aktuelle for ompakking er legemiddel i form av tablettar og kapslar som ikkje kan kjøpast som eindose frå legemiddelindustrien.
2. Gevinstane ved eigen produksjon er knytt til regional produksjon og ikkje avhengig av lokal produksjon (Helse Vest bør pakke om til eindose i ein lokasjon der lokasjonen har kapasitet til å dekke behovet i heile regionen).

Med dette utgangspunktet har arbeidsgruppa sette opp følgjande scenario som vert vurdert med tanke på å få bekrefta hypotesa:

1. Kjøpe alt fra Sjukehusapoteket i Skien (utvida form av dagens løsnig)
2. Pakke om alt ved ein produksjonsstad i Helse Vest
3. Pakke om i hovedsjukehuset i kvart helseforetak

Arbeidsgruppa har hatt fem møter med fokus på analyser av volum og innsamling av informasjon både frå leverandørar og produksjonsmiljøa ved Kales, Skien og St. Olav. Dialog med produksjonsmiljøa på andre sjukehus gjev nyttige erfaringar frå oppstart av produksjon, naudsynte investeringar, oppsett av produksjonslinjer og formalkrav som til dømes løyver for produksjon. Vi har også mottatt innspill til produksjonsplanar, bemanning og behov for opplæring. Gruppa har parallelt arbeid med transportkostnader for dei ulike scenarioa.

Legemiddelområdet er komplekst av natur og det er mange nyansar både i føresetnader og informasjon som ligg føre. I arbeidet legg ein vekt på å avgrense arbeidet til ei overordna vurdering i samsvar med mandatet. Analysen vil gje eit overordna (gjennomsnittleg) bilete på kostnader for ulike alternativ utan at detaljar, som til dømes vurdering av enkeltprodukt, vert vektlagt.

Punkt til oppfølging i det vidare arbeidet

Her er lista nokre av dei sentrale tema som er til vurdering i arbeidet:

- Volumanalyser inkl avgrensing mot industriproduksjon
- Investeringsbehov (enkle eller meir avanserte pakkemaskiner)
- Arealbehov ved ulike løysingar
- Kostnader ved oppstart av produksjon (inkl. kvalitetssystem)
- Driftskostnader ved normaldrift
- Produksjonslinjer, kapasitet, bemanningsplanar og produktivitet
- Råvarekostnader inkl. vurdering av moglege bulkleveransar

Det tar noko tid å få tilgang til informasjon og tid til gjennomføre oppsummeringar og analysar. Slik det ser ut no kan rapport frå arbeidet kunne ferdigstillas på nyåret.